

Gamlestulfjell - Røytebufjell



Nord for Stoklandgrenda ligg eit stort skog- og heiområde som er ukjent for mange. Gamlestulfjell, Hjuringfjell og Sveivelinuten ligg her. Lengre nord ligg Anderslifjell og Røytebufjell med Trolltjønn og Elførnuten.

Heiane er rike på minne om tidlegare tiders bruk av naturen. Dei vitnar om ein annan og hardare kvardag enn vår. Det er ikkje husdyra, beitemarkene, setervollane og dei gamle ferdselsvegane som pregar landskapet i vår tid. Skogen har teke over, men myrar og blinkande små vatn liver opp.

Ein merkt sti frå Røysland til Kleivstul og Elførnuten fører vandraren fram til blåmerkt sti rundt Bukkelifjell. Utanfor dei merkte stiane er det spennande "villmark" for dei som ønskjer å ta seg fram på eiga hand.



Frå Rypeskaret på Bukkelifjell. Foto Arne Hjeltnes

Det mest naturlege utgangspunktet for ein tur over Gamlestulfjell er parkeringsplassen ved Røysland øvst i Stoklandgrenda, om lag 15 km frå Bø sentrum. Men du kan og, som kartet viser, gå inn frå Nord Årnot i Årnotdalen eller starte turen frå Åsebrua.

Frå Røysland fører den blåmerkte stien over Gamlestulfjellet fram til setrene Andersli og Kleivstul. Ei ekstra oppleving får du ved å ta avstikkaren ut på Årnåkollen med fritt utsyn mot aust. Frå Kleivstul kan du fortsette opp Kleivstuldalen til Trolltjønn. Følgjer du stien på austsida av Trolltjønn er det ein enkel sak å nå toppen på Elførnuten, 784 moh. Herifrå kan du fortsette mot Pina, der du møter stien rundt Bukkelifjellet. Følgjer du denne sørover opp mot Rypeskaret går det sti ned til Trolltjønn,

men du kan også fortsette frå Rypeskaret til Skarestulen

og derifrå til Krokstjønn og Kleivstul og så er det strake vegen tilbake til Røysland.



Mange av dei gamle seterhusa er borte eller står for fall. Seterhusa på Andersli og

Kleivstul står att som vitne om ei anna tid med meir ferdsel og større utnytting av skog og mark. Foto Leif Krosshaug

Eit alternativ til den blåmerkte stien over Gamlestulfjellet er å gå inn Bjønndalen. Herifrå kan du rusle på umerkte stiar inn til Nystul og vidare til Tjønnfly og Diplemyr. Eller kanskje du heller vil ta turen opp på Hjuringfjell og Sveivelinuten, men der inne finn du nok bare dyretråkk – om du er heldig.



Trolltjønn mot Elførnuten. Foto Leif Krosshaug

Frå Nord-Årnot er det merkt sti langs traktorvegen opp Årnotgvollen til Skarestulen. Derifrå er det merkete stiar både til Kleivstul og opp til Rypeskaret. Og da er du midt inne i det området som er omtale ovafor. Men oppstiginga frå Årnot er bratt.

Røysland - Elførnuten

Turlengd: Ca 10 km fram og tilbake, gåtid ca 4 timar

Høgdeforskjell: 350 meter

Vanskegrad: Middels til tung, enkelte bratte kneikar, god sti.

Ta med kart på turen, og godt fottøy!